

Munnleg kommunikasjon – eigenvurdering

Det er tre prøvar i munnleg kommunikasjon; éin måler på nivå A1-A2, éin på nivå A2-B1 og éin på nivå B1-B2. Beskrivingane nedanfor kan vere til hjelp for å finne ut kva for ein prøve du bør melde deg opp til. Set kryss under JA eller NEI.

Munnleg produksjon og samtale	JA	NEI
Eg kan lytte til og forstå enkle forklaringar.		
Eg kan fortelje kva eg ser på eit bilete.		
Eg kan stille spørsmål om daglegdagse ting. For eksempel om familie, arbeid og skule.		
Eg kan svare på spørsmål om daglegdagse ting. For eksempel om familie, arbeid og skule.		
Eg kan på ein enkel måte fortelje om noko eg har opplevd.		
Eg kan på ein enkel måte fortelje om planane og ønska mine.		
Eg kan fortelje kva eg veit om ei sak eg kjenner til.		
Eg kan fortelje kva eg meiner om ei sak eg kjenner til.		
Eg kan fortelje kva eg liker og ikkje liker.		
Eg kan på ein enkel måte samanlikne to ting.		
Eg kan fortelje kva eg meiner om ei sak og gi grunnar for meiningane mine.		
Eg kan snakke samanhengande og utan hjelp frå eksaminator.		
Eg kan på ein grei og lett forståeleg måte fortelje om erfaringar, hendingar, ønske og planar.		
Folk forstår stort sett det eg seier, utan at eg treng å gjenta eller forklare meir.		

Dersom du har færre enn 7 kryss, bør du melde deg til A1-A2-prøven.

Dersom du har 7-11 kryss, bør du melde deg til A2-B1-prøven.

Har du 12-14 kryss, bør du melde deg til B1-B2-prøven.

Skriftleg framstilling – eigenvurdering

Det er tre prøvar i skriftleg framstilling; éin måler på nivå A1-A2, éin på nivå A2-B1 og éin på nivå B1-B2. Beskrivingane nedanfor kan vere til hjelp for å finne ut kva for ein prøve du bør melde deg opp til. Set kryss under JA eller NEI.

Skriftleg framstilling	JA	NEI
Eg kan lese og forstå enkle forklaringar.		
Eg kan skrive kva eg ser på eit bilete.		
Eg kan skrive ei enkel melding.		
Eg kan skrive ein enkel tekst om noko eg har opplevd.		
Eg kan skrive ein enkel tekst om planane og ønska mine.		
Eg kan skrive heilt enkelt om kva eg veit om ei sak.		
Eg kan skrive heilt enkelt om kva eg meiner om ei sak.		
Eg kan skrive kva eg liker og ikkje liker.		
Eg kan skrive ein enkel tekst der eg samanliknar to ting.		
Eg kan binde saman ord eller setningar med enkle bindeord som «og», «men» og «fordi».		
Eg kan beskrive bilete, opplevingar og hendingar med ein god del detaljar.		
Eg kan skrive kva eg meiner om ei sak og gi grunnar for meiningane mine.		
Eg kan skrive samanhengande tekstar.		
Eg kan skrive tekstar som er lette å forstå.		

Dersom du har færre enn 7 kryss, bør du melde deg til A1-A2-prøven.
Dersom du har 7-11 kryss, bør du melde deg til A2-B1-prøven.
Har du 12-14 kryss, bør du melde deg til B1-B2-prøven.